



God helg til alle tilsette i Stryn kommune

Gode tilsette,

Vi har no snart lagt bak oss nok ei spesiell veke. Eg vil også i dag takk tilsette, tillitsvalde, vernetenesta og alle leiarane våre for den innsatsen, det pågangsmotet og den viljen de alle syner i ei krevjande tid!

Organisasjonen går på mange måtar både på høg- og lavgir desse dagane. Men det viktige er at vi leverer tenester til innbyggjarane. Slik blir det også i den komande veka. Elevar blir heime og helsetenestene blir sette under press. Men kommunen er, og skal vere, der! I ei tid der andre verksemder diverre må permittere sine tilsette, er behovet for oss større enn nokon gong. Viss du har overskot til det, så ta også ein telefon til ein kjenning eller ein slektning du ikkje har snakka med på ei stund. Og viss det er råd, så snakk også om andre ting enn virus og smitte. Ei slik samtale kan vere gull verd i desse dagar.

I dag hadde vi møte med dei dei tillitsvalde og drøfta planar for korleis vi skal gjere det om vi treng å bruke tilsette til andre jobbar enn det vi til vanleg gjer for å halde hjula i gang. Vi har no starta arbeidet med å kartleggje kva arbeidsoppgåver det kan verte snakk om, samt å avdekke kva kompetanse vi har i organisasjonen. Eg er trygg på at vi saman vil klare å tilpasse oss slik at vi får hjelpt dei som treng det mest i kommunen vår.

På ein fredags ettermiddag vil eg nok ein gong takke for innsatsen så langt. Om du kan, så nytt sjansen til å kvile og lade batteria i dagane som kjem. Hugs at det er viktig at nettopp DU er klar til ny innsats over helga. Og om du er ein av dei som må jobbe, så hugs at det er mange som er svært takknemlege for den jobben du gjer no.

Sist fredag skreiv eg at vi no må rigge oss for å stå løpet heilt ut. No er løpet i gang, men vi veit ikkje heilt kor langt det vert enno. Men at vi kjem til mål på ein god måte er eg heilt overtydd om.

20.mars 2020

God helg til alle!

Rune Hovde
kommunedirektør